



Fagforbundet v/ HTV Line Haugland

FO v/ HTV Hanne Dale

NSF v/ HTV Evelyn M. Willumsen

Delta v/ HTV Ann Kristin M. Erlandsen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Bakkebø	53461262	2017/4578-7		12.02.2018

## Søknad om godkjenning av turnus for gr. 2 ved Bu- og habilitering Nord

Søknaden gjeld tilsette i Gruppe 2 ved Bu- og habilitering Nord. Dei tilsette arbeider i bufellesskap/bustad og ved dagsenter for vaksne personar med psykisk utviklingshemming. Turnus knytt til bufellesskapet omfattar ca. 16 årsverk fordelt på 30 personar. Gruppen har, med base i bufellesskapet, ansvar for å yta tenester til 5 personar, samt ein avlastningsplass. Basen har våken nattevakt som arbeider vakter på 9,5 timar. Bemanninga i noverande turnus er 4 tidlegvakter og 5 seinvakter alle kvardagar, samt 5 tidlegvakter laurdag og søndag.

Vi søker med dette om samtykke til å starte turnusordning med arbeid 3. kvar helg i gr. 2 ved Bu- og habilitering Nord der:

- arbeidstid pr veke er gjennomsnittsrekna til maksimalt 48 timar over ein periode på 6 veker og dagleg arbeidstid er utvida opp til 12,5 timar (AML §10-5).
- dagleg fritid er redusert frå 11 timar til 9 timar (AML §10-8)

Vi søker med dette om samtykke til å starte turnusordning med arbeid 3. kvar helg i gr. 2 ved Bu- og habilitering Nord der:

Forslag til turnusavtale/protokoll ligg vedlagt søknaden.

Oppstart av ny turnus vert måndag i turnusveke 1, 5. mars 2018.

Dersom De treng yttarlegare informasjon for å vurdere søknaden, kan De kontakta undertekna.

Med helsing

Anne Gro s. Røssland  
*Avdelingsleiar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Turnusavtale/protokoll mellom Bu- og habilitering Nord gr. 3 og aktuelle fagorganisasjonar

1. Turnusplan vert utforma i tråd med arbeidsmiljølova kap 10 og HTA § 4.5.
2. Turnusplanen skal sendast på høyring. For å sikra eventuelle endringar i tråd med innspel bør dette gjerast minst 6 veker før planen vert iverksett.
3. Planen skal vera drøfta og godkjent seinast 1 måned før turnusen vert sett i verk.
4. Ved varig endring av turnusplanen må turnusavtalen reforhandlast. Sjå nærmare om oppseiingsfristar i pkt. 13. Justering av turnus vil normalt forekomme, og arbeidsgjevar skal avtale med tillitsvalde korleis dette skal handterast. Bytte av vakt mellom to personar som begge ynskjer endringa er døme på mindre endringar.
5. Turnusavtalen er basert på gjennomsnittsberekning av alminnelig arbeidstid, jf aml § 10-5 (2). Alminnelig arbeidstid kan maksimalt settes til **12,5** timer i løpet av 24 timer og 48 timer i løpet av sju dagar. Alminnelig arbeidstid for nattevakter set ein til **9,5** timer i løpet av 24 timer. Perioden for gjennomsnittsberekning av arbeidstida er 6 veker.
6. Døgnskilje set ein til kl. 24.00 og vekeskilje set ein til søndag kl. 24.00.
7. Partane er einige om å fråvika kviletidsbestemmelsane etter § 10-8 (1), slik at ein set dagleg arbeidsfri til **9** timar i løpet av 24 timer. Arbeidstakaren skal sikrast kompenserande kvile etter kvar vakt, jf aml § 10-8 (3).
8. Arbeidstakaren skal ha 35 timar samanhengande fri kvar veke (F1-dag).
9. Turnusplanen er basert på arbeid kvar 3. helg. Helgevaktbelastning for kvar einskild vert sett slik det går fram av den enkelte sin arbeidsavtale.
10. Partane er samde om å drøfta om midlertidig avvik frå grunnturnus ved ferie, helg og høgtid. Planen skal vera kjend minst 3 veker før perioden startar (Aml § 13.3. seier minst 14 dagar før).
11. Arbeidsgjevar og tillitsvalde skal evaluere behovet for endringar av turnusplan med tilhøyrande avtalar fortløpande. Dette kan gjennomførast tidlegast 12 veker og seinast 6 månadar etter turnusen er sett i verk.
12. Tillitsvalde skal ha tilgang til dei aktuelle turnusane og opplæring i elektronisk turnusprogram jf. aml. § 4-2.
13. Dersom grunnturnus/hjelpeturnuser/ferieturnus ikkje godkjennes og allikevel tas i bruk, vil mulighet for gjennomsnittsberekning av arbeidstida bortfalla.
14. Dersom grunnturnus/hjelpeturnuser/ferieturnus godkjennes men vert teken i bruk før avtalt oppstartsdato, betalast som for forskjøven arbeidstid i perioden fram til avtalt oppstartsdato.

15.Kvar av partane kan i turnusperioden skriftleg sei opp avtalen med minst 2. månadars varslng.

16.Ved spesielle behov kan andre tidsfristar avtalas mellom partane, regulert av Aml. § 10-3.

17.Turnusen gjeld generelt og avheng ikkje av kven som til ei kvar tid vil gå inn i turnusplanen.

18.Turnusavtalen er godkjend 05.03.2018 og gjeld til oppseiing frå ein av partane eller til turnusplanen vert sagt opp.

Arbeidsgjevar godkjenner turnusplanen:

Dato:

.....

Fylgjande fagforeiningar godkjenner turnusplanen:

Dato:

.....

Fagforbundet v/ HTV Line Haugland

.....

FO v/ HTV Hanne Dale

.....

NSF v/ HTV Evelyn M. Willumsen

.....

Delta v/ HTV Ann Kristin M. Erlandsen

.....

Utdanningsforbundet v /HTV Atie Skarveland